



Arkiv: K2-L40
JournalpostID: 20/10425
Sakshandsamar: Lien, Liss Merete
Dato: 24.09.2020

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
061/20	Kommunestyret	30.09.2020

Uttale til revidering av statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona

Ordførar sitt framlegg til vedtak:

Askvoll kommunestyre sluttar seg til Kystrådet sin uttale til revidering av statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona

30.09.2020 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting - samrøystes:

Ordførar si tilråding vart vedteken.

KOM-061/20 Vedtak:

Askvoll kommunestyre sluttar seg til Kystrådet sin uttale til revidering av statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona

Kva saka gjeld:

Uttale til reviderte planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.

Saksutgreiing:

Eksisterande statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen vart fastsatt ved kongelig resolusjon 25. mars 2011. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har gjennomført ei evaluering av retningslinjene, som viser at det er trong for justeringar. Forslag til reviderte statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen er sendt på høyring og frist for uttale er sett til 01.10.20.

Det står følgjande om føremålet med retningslinjene:

«Formålet med disse retningslinjene er å tydeliggjøre nasjonal arealpolitikk i 100-metersbeltet langs sjøen. Retningslinjene skal bidra til å ivareta natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser og unngå uheldig bygging langs sjøen. Strandsonen gir grunnlag for næring og bosetting langs kysten, og god arealplanlegging kan gi grunnlag for økt verdiskapning og flere lønnsomme arbeidsplasser. Kommunene må balansere disse interessene i planleggingen. Retningslinjene utdyper plan- og bygningsloven (pbl.) og gir statlige føringar for kommunenes og fylkeskommunenes planlegging og saksbehandling.

Det skal gjennomføres en geografisk differensiering gjennom planleggingen. Praktiseringen av retningslinjene skal være strengest der utbyggingspresset er stort og verneverdiene er høyst.»

Retningslinjene deler landet inn i tre soner med ulike føringar tilpassa utbyggingspress og trong for vern av dei omsyn som skal ivaretakast i strandsonen. Askvoll kommune ligg i sone 3, områder med mindre press på areala.

I pkt 6 er det gjeve generelle retningslinjer for planlegging i strandsona. Kva som er forslaget til retningslinjer for sone 3 går fram av pkt 10 der det står følgjande:

10.1. Byggeforbud

Byggeforbudet i 100-metersbeltet langs sjøen i pbl. § 1-8 gjelder. Bygging skal bare tillates etter en konkret vurdering ut fra lokale forhold. I områder uten press vil det være enklere for kommunene å gi tillatelse til å bygge enn i områder der presset er stort.

10.2. Kommuneplan og reguleringsplan

Det bør ikke tillates utbygging i områder som har spesiell verdi i forbindelse med friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvaliteter, naturmangfold, kulturminner, kulturmiljøer og landskap. Det gjelder for eksempel utbygging i kyst- og fjordlandskap med spesielle kvaliteter. Forholdet til andre interesser, som for eksempel landbruk, fiske, akvakultur og reindrift må også vurderes. Der det tillates bygging, bør hensynet til andre interesser ivaretas best mulig. Kommunene bør innføre bestemmelser i kommuneplanen for størrelse og standard for fritidsboliger i strandsonen.

I områder hvor alt tilgjengelig utbyggingsareal ligger innenfor 100-metersbeltet, og alternativ plassering av tiltak dermed ikke er mulig, vil kommunen ha videre adgang til å vurdere ny utbygging i strandsonen. Vurderingen vil være avhengig av hva slags type tiltak det gjelder og hvilke andre interesser som gjør seg gjeldende i områder.

Behovet for næringsutvikling og arbeidsplasser, for eksempel satsing på reiseliv og turisme, skal tillegges vekt i vurderingen av tiltak i 100-metersbeltet. I byer og tettsteder skal behovet for fortetting og byutvikling tillegges vekt. Arealer til bolig-, sentrums- og næringsutvikling bør som et utgangspunkt prioriteres foran arealer til fritidsboliger.

Det kan være grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjøen, som for eksempel brygger, naust, næringstiltak og sjørettede reiselivsanlegg. Slik tiltak bør samles og lokaliseres i tilknytning til annen bebyggelse. Felles brygger og naust bør prioriteres. I planleggingen skal det legges vekt på om hensynet til tilgjengelighet for allmennheten kan ivaretas ved at det eksempelvis avsettes areal til kyststi, friluftsområde eller liknende.

10.3. Plassering av ny bebyggelse

Utbygging bør så langt som mulig lokaliseres til områder som er bebygd fra før, og med vekt på fellesløsninger for veger og annen teknisk infrastruktur.

Alternative plasseringer bør vurderes og velges dersom det er mulig. Det bør også vurderes om tiltaket kan trekkes vekk fra sjøen. Tiltak som tillates må tilpasses omgivelsene best mulig.

Vurdering:

Kystrådet, som er eit interkommunalt politisk råd (Kystrådet) for kommunane, Gulen, Solund, Hyllestad, Fjaler, Askvoll, Flora, Vågsøy, Bremanger og Selje, har kome med uttale til retningsline. Denne uttalen ligg ved.

Ordføraren meiner Askvoll kommune bør stiller seg bak Kystrådet sin høyringsuttale til planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Vedlegg i saka:

23.09.2020	KYSTRÅDET uttale om revidering av statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona	222859
05.06.2020	Høring - forslag til reviderte statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen	216027
05.06.2020	Utkast til statlige planretningslinjer for differensiert	216029
05.06.2020	Sone_3	216030
05.06.2020	Sone_2_3	216031
05.06.2020	Sone_2	216032
05.06.2020	Sone_1	216033
24.09.2020	Eksisterande statlege planretningslinjer frå 2011	222979